

KOMMUNEHUSET PÅ BRUSAND

Kommunehuset på Brusand er ikkje vurdert til vern tidlegare. Noko av grunnen til dette er nok at det er ein offentleg eigd bygning som er i fast bruk.

Bygningen har få openberre estetiske kvalitetar. Den er ein stor betongbygning med asfalt rundt på alle sider. Bygningen ligg sentralt i Brusand sentrum og all trafikk til bebyggelsen på Brusand og tilgangen til «øvre bygda» går forbi her.

Bygningen har vore kommunehus og den har blitt brukt som forsamlingshus. Ulike lokale organisasjonar har nytta det som klubblokale. Det var tidlegare kino her og Hå folkebibliotek hadde ein filial her. Det er ein bygning som dei fleste på Brusand og omegn har eit forhold til.

Kulturvernet i Hå kommune syner interesse i bygningen på grunn av den historia bygningen representerer. Ogn meieri som tidlegare låg på Brusand er riven, noko som diverre var uunngåeleg. Om ein også river kommunehuset er det berre togstasjonen som er igjen av eldre bebyggelse.

Arkitektonisk representerer bygningen ein tidstypisk tankegang for offentlege bygg på 1950- og 60-talet. Bygningen har funksjonalistiske trekk, til dømes har den ikkje har nokre dekorative element. Val av materiale er gjort med tanke på rasjonalitet og økonomi. Det er gjort eit poeng av at konstruksjon og materiala sin eigenart er synleggjort. Frå funksjonalismen kjenner me også igjen dei rette linene og dei store, og mange, vindauge. Sjølv om bygningen har blitt måla i nyare tid (frå lys gul til grå) er det valt ein lys farge slik den også var opphåveleg.

Kulturvernet i Hå kommune ønskjer å ta vare på den opphåvelege bygningen og ser positivt på at kommunen ser på det som eit alternativ å rehabilitere bygget framfor å rive og bygge nytt.

På oppdrag frå Riksantikvaren har SINTEF analysert ei rekkje casestudier og gjort ein systematisk gjennomgang av norske og internasjonale publikasjonar om livssyklusanalyser. På riksantikvarens sine nettsider kan me lese at rapporten konkluderer med at det mest berekraftige bygget er det som allereie er bygd. Analysen viser at rehabilitering er eit betre alternativ enn å rive i eit 30-årsperspektiv mot 2050, då det kan ta opptil 80 år før eit nybygg utliknar klimagassutsleppet frå byggeprosessen. SINTEF-rapporten konkluderer derfor med at rehabilitering av eksisterande bygningar vil vere miljømessig fordelaktig på kort og mellomlang sikt.

Viktige funn frå SINTEF:

- Miljøpåverknaden frå eksisterande bygningar er berre rundt halvparten av den frå nybygg.
- Det vil ta tiår før nye bygningar lønner seg miljømessig.
- Rehabilitering bør prioriterast framfor riving og oppføring av nye bygningar.
- Det trengst auka kunnskap om gode oppgraderingstiltak.
- Fullverdige livssyklusanalyser er viktige som beslutningsverktøy.

Kulturvernet i Hå kommune vil støtte alle tiltak som tek vare på bygningen.

1920 – det gamle kommunehuset:



1953 – Brusand før det nye kommunehuset er oppført.



1957 – framleis berre det gamle kommunehuset:



1965 – Brusand etter nytt kommunehus er på plass



